

HØYRINGSSVAR

Svar på høyring om endring av privatskulelova frå FAU ved Saksheim skole, Lillehammer.

Kunnskapsdepartementet vil endra dagens privatskulelov og innføra ei elevtalsgrense på 30 elevar. Om skulen får mindre enn 30 elevar 3 år på rad, må privatskulen leggja ned drifta. I dag er grensa 15 elevar.

FAU ved Saksheim skole vil åtvare departementet mot å gjera ei slik endring.

Ei slik elevtalsgrense vil påverka synet til både styresmakter og kommunar om storleiken på dei offentlege skulane. Ho kan bli brukt som argument for å leggja ned dei minste skulane utan at det finst gode faglege grunnar til å gjere det.

Dei faglege grunngevingane for å heva elevtalsgrensa til 30 elevar er svake. Heller ikkje Kunnskapsdepartementet kjem med faglege argument for at det skulle vera naudsynt. FAU ved Saksheim skole er redd for at om elevtalsgrensa vert heva til 30 elevar så vil det påverka styresmakter og kommunar til å tru at det finst gode faglege grunnar til at ein skule ikkje bør ha færre en 30 elevar. Det gjer det ikkje.

Ein forskingsrapport frå Senter for økonomisk forskning ved NTNU (Bonesrønning og Vaag Iversen 05/08) finn ein tendens til at elevar på små skular tvert om får marginalt betre resultat enn på dei større skulane, etter å ha korrigert for foreldra sitt utdanningsnivå. Spørsmålet om store skular versus små skular er mange stader ein stor debatt og har vore det i skulefaglege miljø i mange år. Likevel er det vanskeleg å finna forskning som slår fast at store skular er betre enn små. Michael Davidson, OECD-analytikar, skriv i Pisa-kartlegginga i 2009 at det i dei nordiske landa er svært liten skilnad i læringsresultata mellom dei ulike skulane, store og små, by og land.

Det finst dårlege små skular og dårlege store skular, men storleiken har sjeldan noko med kvaliteten å gjera, då ville det vere svært uheldig om ei slik grense får det til å sjå ut som om det er ein samanheng mellom storleik og kvalitet.

Høvet til å etablere ein privatskule dersom kommunen legg ned den offentlege skulen på staden, er ein viktig trygginguventil for lokalsamfunn som er sterkt engasjerte i skulen sin. Det undrar oss svært mykje at departementet ynskjer å leggja band på det private initiativet på dette feltet. Kommunane veit i dag at engasjerte lokalsamfunn kan koma til å etablere privatskular dersom den offentlege skulen vert lagt ned, og det legg truleg ein dempar på sentraliseringa av dei offentlege skulane i kommunane.

Elin Antonsen

Leiar FAU Saksheim skole